

Meland kommune
Postboks 79

5906 FREKHAUG

Utbetalingsbrev hausten 2018 - Vidareutdanning for lærarar - stipend og studieavgift

Statsbudsjettet for 2018 vart vedteke av Stortinget i desember 2017. Vedtaka går fram av Stortingets behandling av Innst. 12 S (2017 – 2018) og Prop. 1 S (2017 – 2018) for Kunnskapsdepartementet. Det blir også vist til informasjon om midlar til vidareutdanning for lærarar i 2018, til skoleeigaren (kommunar, fylkeskommunar og private og statlege skolar) 1. februar 2018.

Utbetaling av stipend og ev. studieavgifter for hausten 2018 er basert på:

- Skoleeigarens søknad om vidareutdanning for lærarar studieåret 2018/2019 i søknads- og oppfølgingsystemet.
- Direktoratets behandling av søknadene som vart offentleggjort 23.04.2018.
- Skoleeigarens stadfestingar i søknads- og oppfølgingsystemet på at lærarane er tekne opp til studiet dei har søkt på, og takkar ja til å delta i stipendordninga.

Ei oversikt over lærarane som har fått tilbod om stipend, finn de på TAVLA:

<http://www.udir.no/verktoy/tavla/> og i søknads- og oppfølgingsystemet på <http://komp.udir.no/extranet> under modulen «Vidareutdanning for lærarar 2018».

Stipend og eventuelle studieavgifter er berekna ut frå opplysningar per 29.11.2018.

Skoleeigarane vil bli belasta med arbeidsgivaravgift for stipendet til lærarane. I midlane som blir utbetalte til skoleeigaren frå Utdanningsdirektoratet, er arbeidsgivaravgifta inkludert. Ho er berekna ut frå skoleeigarens postadresse registrert i Enhetsregisteret: <http://w2.brreg.no/enhet/sok/>. Informasjon om satsar og soner for arbeidsgivaravgift finst på <http://www.skatteetaten.no/no/Tabeller-og-satser/Arbeidsgiveravgift---soneinndeling/>. For Meland kommune er det Meland som dannar grunnlaget for arbeidsgivaravgifta.

Følgjande vil om kort tid bli utbetalt til Meland kommune til kontonummer 15031883722:

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Stipend	440000,00	Jul-Des	—	440 000,00
Arbeidsgiveravgift - stipend (14,1%)	440000,00	Jul-Des	—	62 040,00
Studieavgift	62500,00	Jul-Des	—	62 500,00
Totalt:	942500,00			564 540,00

Utbetalinga er merkt "Vidareutdanning for lærarar - stipend og studieavgift". Merk at det er totalbeløpet under kolonnen «Beregnet tilskudd» som vil bli utbetalt.

Vilkår for utbetalinga

- Stipendet skal utbetalast til læraren.

- Stipendet kan vere skattepliktig i den utstrekning det overstig kostnader knytte til utdanninga. Informasjon om dette finst på <http://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/etter-og-videreutdanning/larere/slik-er-skattereglene-for-utdanningsstipend/>
- Skoleeigaren har ansvar for å dekkje kostnader til reise, opphald, læremiddel, mv.
- Læraren har krav på fri til eksamen og lesedagar i tråd med det som er fastsett i lov- og avtaleverk. Praktisk gjennomføring av studia skal avtalast mellom læraren og skoleeigaren. Det gjeld også spørsmål om kva eventuell permisjon utan lønn vil ha å seie for pensjonsopptening.
- Stipendmidlane vil bli utbetalte til skoleeigaren og læraren i to omgangar, første gong i haustsemesteret, andre gong i vårsemesteret. Skoleeigaren skal ikkje utbetale andre del av stipendet til læraren før studiet er gjennomført og bestått, og skoleeigaren har registrert «Fullført studium» i søknads- og oppfølgingssystemet. Siste frist for å registrerte dette i søknads- og oppfølgingssystemet er 1. august 2020.
- Det blir føresett at læraren følgjer studieprogresjonen slik han er oppgitt i søknads- og oppfølgingssystemet. Dersom studiet blir avbrote, har skoleeigaren ansvar for å vurdere om grunnlaget for den første utbetalinga av stipendet skal endrast eller falle bort. Dersom ein lærar ikkje gjennomfører og består studiet, vil grunnlaget for utbetaling av den andre delen av stipendet falle bort.

Andre vilkår

Utbetaling for våren 2019 føreset at skoleeigaren stadfestar at læraren fortset studia i vårsemesteret. **Dette skal skje i søknads- og oppfølgingssystemet i perioden 1. februar til 15. mars 2019.**

Mottakaren har plikt til å melde frå til Utdanningsdirektoratet med ein gong dersom grunnlaget for midlane blir endra eller fell bort. Midlane kan da trekkjast tilbake heilt eller delvis.

Tilsegn om midlar er gitt med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for budsjettåret 2018.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom Meland kommune ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnaden, eller på annan måte har brote vilkåra for midlane, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake midlar eller krevje dei tilbake. Ved feil utrekning eller utbetaling av midlar kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar.

For ytterlegare informasjon om ordninga viser vi til <http://udir.no/videreutdanning>

Med helsing

Anne Magdalena Solbu Kleiven
avdelingsdirektør

Mathias Myhrvold-Hanssen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.